

# Følger Tamara frå Sarajevo til Ryfylke

28 år gamle Tamara Roganovic frå Sand har lete Anne Elisebeth Skogen brukarlivhistoria si i ei førestilling

Heidi Hjorteland | tekst

**RYFYLKE:** Anne Elisebeth Skogen har ei viktig og gripande historie å fortelja, om den 14 år gamle jenta som brått må forlata heimbyen sin i 1992. Historia følger Tamara og familien heilt til dei sit på westamaranen inn til Sand ein regntung dag i 1994.

Det var vår, og sommarferien ved Adriaterhavet nærma seg for Tamara og klassematane hennar, då krigen

braut ut. Sarajevo stod i brann då foreldra sende Tamara og dei to søskena på det siste overfylte flyet som tok av frå byen på mange år. Barna blei buande hjå slekt i Serbia, der dei måtte venta i fleire veker i uvisse før foreldra og hunden kom etter.

Førestillinga «Frå Sarajevo til Ryfylke» har vore vist fleire stader i Ryfylke i haust, men Skogen vil svært gjerne nå ut til fleire.

– Historia grip folk i alle aldrar, og kanskje særleg dei unge sidan dette handlar om ein tenåring. Det hadde difor vore flott om me kunne fått høve til å reisa rundt på endå fleire skular i fylket, seier Skogen.

Ho har eit håp om at føres-



**OPPHAVSKVINNA:** Tamara Roganovic som står midt i bildet med sonen Aleksander Roganovic Larsen er hovudpersonen i forteljarkonserten «Frå Sarajevo til Ryfylke». På dette biletet frå desember 1999 står ho saman med storfamilien sin på Sand. Frå venstre: Vojislav Mihaljevic, Kjell Larsen, Leif Larsen, Tamara Roganovic, ektemann Kjetil Larsen, Emina Mihaljevic og Jadranka Roganovic. (Arkivfoto: Jan Tore Glenjen)

tillinga kan få støtte gjennom «Den kulturelle skulesekken».

Forteljarkonsert kallar ho det, for Anne Elisebeth Skogen, er utdanna profesjonell

forteljar. I tillegg har ho med tre distriktsmusikarar, som medtolkarar av historia.

– Tamara viser ansikt på vegne av andre flyktingar ved å dela historia si på den



**RUNDREISE:** Forteljar Anne Elisebeth Skogen, til høgre, og distriktsmusikarane i Suldal har vore på rundreise i Ryfylke med forteljinga til Tamara. Musikarane er frå venstre Xenia Berková, Anne Grethe Solsvik og Alie Hamberg. (Foto: Heidi Hjorteland)

ne måten. Det er viktig å få fram kva flyktingane har gått gjennom, slik forstår me at det ikkje er tilfeldig at dei er her i Norge, understrekar ho.

På slutten av førestillinga fortel Skogen at Tamara har

fått eit godt liv i Norge, med mann, barn og eiga bedrift på Sand. Men den unge kvinnen ber likevel på ei smerte over røtene som så brått blei rivne av då ho var 14 år.

heidi.hjorteland@  
aftenbladet.no